



Det ligg til rette for ei flott feiring av Fjelly sitt 100 årsjubileum.

Laurdag 20.mai vert det markert at ungdomslagshytta Fjelly ved Mannsvatnet er 100 år. Eg er storleg imponert over det førearbeidet hyttestyret har lagt ned. Dei har ikkje berre sydd saman eit svært interessant program denne dagen og kvelden. Dei har også lagt godt til rette for at flest mogleg skal kunna ta turen opp til hytta.

Hyttestyret vil organisera køyring for dei som treng det opp Pålavegen laurdag føremiddag. Det er også viktig at det er ein plan over køyringa slik at det ikkje vert kaos. Det er venta mykje folk til fjells denne dagen. Derfor eg det viktig at alle som treng skyss melder frå til **Anette Sund, tlf. 952 26 429** innan 18.mai. Det er også viktig at dei som har tenkt å køyre sjølv, melder frå om dette slik at dei kan ta omsyn til dette i planen. Barnas Turlag arrangerer natursti opp Pålavegen denne føremiddagen så til saman kan det verta ein del fotgjengarar som det må takast omsyn til. Hyttestyret er svært glade for at dei har mulighet til å bruka denne vegen.

På kveldsprogrammet som startar kl.18, vert det salg av rømmegraut og spekemat. Prisen er 100 kr. For at hyttestyret skal kunna berekna innkjøp, ber dei om at alle melder frå til Anette om dei ønskjer dette **innan 18.mai**. Om dagen vert det selt betasuppe(50 kr), men der treng ein ikkje melda frå på førehand.

Elles finn de alle oppdaterte opplysningar om jubileet på facebook-sida Ungdomslagshytta Fjelly 100 år.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto frå facebook-sida Ungdomslagshytta Fjelly 100 år.